



**NIBIO**

NORSK INSTITUTT FOR  
BIOØKONOMI

PRESSEMELDING FRÅ NIBIO, 7. 9. 2017: [Arealbarometer for Hordaland](#)

## **Hordaland er størst i landet på frukt og lokalforedla geitemjøl**

**- Kun to prosent av jordbruksareala i fylket blir brukt til fruktproduksjon, men verdiane er store, seier landbruksdirektøren i Hordaland, Åse Vaag. Rundt ein tredel av all norsk konsumfrukt kjem frå Hordaland.**

Ullensvang er fruktfylket, her er 14 prosent av fruktarealet i Noreg samla i ein kommune. Berebjelken i Hordalands-jordbruket er likevel husdyra. Verdiskapinga frå mjølkeproduksjon er størst, og utgjer om lag 45 prosent. Rundt 30 prosent kjem frå sauehald, rekna av samla produksjonsinntekt i jordbruket på vel 1,8 mrd. kroner. (*NILF-rapport om verdiskaping i landbruket i Hordaland, 2015.*)

Samtidig er Hordaland det fylket i landet som har mest lokalforedla geitemjøl, framfor store geitefylke som Oppland og Sogn og Fjordane. Kun ein prosent av geitemjølka i Noreg blir brukt lokalt.

Fire prosent, eller 520 000 dekar, av landarealet i Hordaland er jordbruksareal. Det viser ei fersk arealressursoversikt som er lagt fram i oppdaterte, fylkesvise Arealbarometer frå NIBIO. Fem prosent av Noregs jordbruksareal på 11 282 000 dekar er i Hordaland.

### **Nedgang i gardsbruk – stabil produksjon**

Ifølgje landbruksdirektør Vaag, er nedgang i talet på gardsbruk ei utfordring ikkje berre for landbruket, men og for reiseliv og jordvern.

- Eit aktivt jordbruk er ofte det beste vernet mot annan bruk av matjorda, seier Vaag.

Arealbarometeret viser at talet på gardsbruk med jordbruksareal i drift har gått ned med 21 prosent i Hordaland dei siste 13 åra.

Nedgangen i enkeltbruk har vore spesielt stor i kystkommunar som Fjell, Sund og Øygarden, der nedgangen dei siste ti åra har vore på 30-40 prosent. Konkurransen om den bynære arbeidskrafta er stor, også frå oljerelaterte næringar.

- Til tross for nedgangen i gardsbruk, held produksjonen av frukt og lammekjøtt seg om lag stabil, fortel landbruksdirektøren. Ho legg til at nedgangen i mjølkeproduksjon er mindre enn nedgangen i tal på gardsbruk skulle tilseie.

### **Framtidstru i frukt**

Om lag 60 prosent av den dyrka jorda i drift i Hordaland blir brukt til gras, altså grovfôrproduksjon. Nær 40 prosent blir brukt til innmarksbeite. Berre to prosent av areala blir brukte til fruktproduksjon.

- Sjølv om delen areal til fruktproduksjon er liten, er det mykje innovasjon og nytenking knytt til verksemdene her, og verdiskapinga er stor. Framtidstrua er stor i fruktområda, seier Vaag. Nye produkt som sider og saft har bidratt til å styrke inntektsgrunnlaget.

- Nyskapande lokalproduksjon basert på ressursane til garden er med på å sikre grunnlaget for framtida, spesielt på dei mindre bruka, seier landbruksdirektør Vaag.



**NIBIO**

NORSK INSTITUTT FOR  
BIOØKONOMI

PRESSEMELDING FRÅ NIBIO, 7. 9. 2017: [Arealbarometer for Hordaland](#)

## **Meir om Arealbarometeret for Hordaland**

Leiar for avdeling Landbrukskart i NIBIO, Jostein Frydenlund, forklarar meir om arealressursane:

- Hordaland er det fylket i landet med mest overflatedyrka jord. Det er grasareal som er rydda og jevna i overflata slik at det kan haustast maskinelt, men ikkje pløyast. Fylket har og mykje innmarksbeite som også er kultivert, men som ikkje kan haustast maskinelt.

I tillegg er mykje areal rekna som fulldyrka jord, det vil seie jord som er godt eigna til åkervekster og eng, og kan fornyast ved pløying. Om lag 40 prosent av jordbruksarealet er slik.

Oppsummert, stadfester han at ressursgrunnlaget ligg godt til rette for det jordbruket som er typisk for Hordaland, med husdyrbaserte produksjonar som treng grovfôr og beiteareal, og som ikkje er avhengig av store hausteflater og stabilt klima.

Frydenlund har ansvaret for oppdatering og utvikling av Arealbarometra, som blir brukte av næring, forvaltning, og politikarar når dei treng overblikk over arealressursane og samfunnsverdien deira.

- I ei tid med aukande utfordringar knytt til matproduksjon, klima og energi, vil informasjonsbehovet for planlegging og beredskap innan desse områda truleg auke. Da er det viktig at vi har kart som blir oppdaterte etter kvart som endringar skjer, seier han.

Arealressurskarta frå NIBIO gir informasjon om ressursgrunnlaget i alle norske fylke, og viser kva areal som kan brukast til landbruksproduksjon. Dei er og tilgjengelige på web. Kommunevise Arealbarometer blir og utarbeidd.

## **Kontaktperson ved NIBIO**

Jostein Frydenlund

Leder for avdeling Landbrukskart, divisjon Kart og statistikk ved NIBIO

Telefon: 45 28 87 14

E-post: [jostein.frydenlund@nibio.no](mailto:jostein.frydenlund@nibio.no)

## **Kontaktperson ved Fylkesmannens landbruksavdeling i Hordaland**

Åse Vaag

Landbruksdirektør i Hordaland

Telefon: 55 57 21 88

Mobil: 92 02 82 91

E-post : [fmhoava@fylkesmannen.no](mailto:fmhoava@fylkesmannen.no)

## **Lenker til kjelder**

- [Arealbarometeret](#) for Hordaland er lagt ved som pdf. Figurer, tekst og bilete kan brukast fritt.
- Fleire Arealbarometer kan du laste ned her: <http://www.skogoglandskap.no/temaer/arealbarometer>
- Informasjon om arealressursane er henta frå Arealressurskartet AR5. Meir informasjon finn du her: [www.skogoglandskap.no/temaer/arealbarometer](http://www.skogoglandskap.no/temaer/arealbarometer)
- Detaljerte arealressurskart kan du sjå på: [kilden.nibio.no/](http://kilden.nibio.no/)
- Eller for den enkelte landbrukseigedom: [gardskart.nibio.no/](http://gardskart.nibio.no/)
- [Verdiskaping i landbruk og landbruksbasert verksemd i Hordaland](#), NILF-notat 2015-12